

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark
Pb 2076
3103 TØNSBERG

Vår dato: 16.02.2022
Vår referanse: 22/25080 - 2
Deres dato: 27.01.2022
Deres referanse: 2021/10342

Uttalelse til oppstart av frivillig vern av skog i 11 områder i Vestfold og Telemark fylke

Vi viser til dykkar brev av 27.01.2022 med kunngjering om oppstart av prosess for verneplan for Grønlifjellet, Sannesnåsa, Hovedstøy og Songedalsnuten, Tåränli, Gongefjell, Svarteputt, Sauås og Suggås, Meheia og Tiurleikåsen, Husefjell, Bjønneholun, og Hønsegjuvet naturreservater i Drangedal, Fyresdal, Kvitseidm Nome og Seljord kommuner.

Som instans for høyringa av forslag til opprettning av nye naturreservat, ønsker vi å gi nokre generelle innspel til verneprosessen.

Grundig beskriving av området

Av høyringsdokumenta må det komme tydeleg fram om og i tilfelle korleis det aktuelle området blir nytta til landbruksformål. Dersom det er landbruksinteresser i området som ikkje blir tatt omsyn til i utkast til forskrift, ber vi om at det blir grunngjeve i høyringsdokumenta. Typiske landbruksinteresser kan vere (lista er ikkje uttømmande):

- Skogsbilveg som er naudsynt for skogbruk på tilgrensande areal
- Traktorveg i samband med jordbruk
- Støl/seterområde
- Beite
- Reindrift

Utforming av forskrift

Dersom det går vegar/ferdselsårer gjennom verneområdet, må Statsforvaltaren vurdere om det kan bli gitt føresegn om merking, rydding og vedlikehald av desse. Det bør bli lagt til rette for drift og vedlikehald av eventuelle støl-/seterområde og bli opna for andre tekniske tiltak som bidreg til ein landbruksmessig utnytting av området. Dersom slike tiltak ikkje er ønskeleg innanfor verneområdet, må det bli gitt ei fagleg grunngjeving for dette i høyringsdokumenta.

Beite vil vere aktuelt i mange område som blir foreslått verna som naturreservat. Det bør difor bli vurdert om forskrifta kan opne for dette. Viss ikkje, må det bli gjort greie for kvifor i høyringsdokumenta. Dersom det blir opna for beiting i området bør det også bli utarbeida føresegn for utsetting av saltsteinar og oppføring/vedlikehald av gjerde og sankekveer.

For alle tiltaka over må det bli vurdert om det kan bli gitt føresegn om motorferdsel i samband med tiltaka. Det bør bli gitt generelt unntak frå føresegna om ferdsel i samband med uttransportering av sjuke og skadde bufe.

Vi går ut frå at Statsforvaltaren sin landbruks- og reindriftsfaglige kompetanse blir involvert i utforming av forskrift og verneplan. Det vil også vere nyttig å involvere den lokale landbruksforvaltninga i arbeidet.

Med helsing
for Landbruksdirektoratet

Fredrik Vaadal
rådgiver

Mottakere:
Statsforvalteren i Vestfold og
Telemark